

Anders Olav Dale
Idrett og anlegg

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/5000 - 22/15965

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.n
o

Dato:
25.02.2022

Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg - Invitasjon til deltalking i referansegruppe - 10 mars!

Hei!

Alver kommune er godt i gang med arbeidet for å lage kommuneplanens samfunnsdel for den nye kommunen vår. Hovudinnhaldet i samfunnsdelen er val av mål og strategi for kva retning vi saman vil prøve å gå og kva verkemiddel vi skal prøve å nytte for å kome dit. Grunnlaget for planen ligg mellom anna i ulike typar medverknad sidan september 2020 og fram til seinhaustes 2021. Framlegg til plan har vore ute til høyring fram til 15. februar 2022.

I tidlegare invitasjon til dykk presenterte vi ei framdrift for samfunnsdelen basert på den kunnskapen vi hadde på forsumaren. Kommunestyret har vore engasjert i arbeidet på ein positiv og god måte, men det har tatt tid å få alle endar i hop. Kommunedelplanen for Helse, sosial og omsorg skal byggje på innhaldet i samfunnsdelen og vårt arbeid saman med dykk har difor vorte utsett.

Endeleg er vi klar for å invitere til arbeid i referansegruppe igjen, eit fyrste fysisk møte, og vi har mange interessante og utfordrande tema å ta opp. Vi har med oss mål og strategiar frå samfunnsdelen og eit kunnskapsgrunnlag som er viktig for tenestene og fagleg utvikling.

Føremålet er fylle desse målformuleringane med begripeleg innhald som gjev tenestene handterbare verktøy slik at vi framleis kan levere meiningsfulle og gode tenester og saman utvikle tettstadar og nærmiljø.

Invitasjon referansegruppemøte 10. mars

- **Fyrste møte er satt til torsdag 10 mars, kommunehuset på Frekhaug kl.12 -15**
- **Grunna enkel servering er det kjekt med melding om kor mange som vil møte**

Deltaking og prosess

Ein har ønskje om å gjere synleg ein raud tråd frå kunnskap om fag, tenester og nærmiljø, gjennom saman å lage plan og verktøy til å gjennomføre tiltak og handlingar som kan styrke livskvalitet og nærmiljø.

I prosessen med å få dette til er det både pålagt og naturleg å involvere mange og ulike delar av fagområde, innbyggjarar samt lag og organisasjonar. Difor inviterer vi til deltaking i referansegruppe for arbeidet. Det kan vere fleire slike grupper og føremålet er mellom anna:

- Bidra med fagleg innspel
- Høyring på tidleg stadium, er vi på rett veg?
- Avklare forventningar
- Ha ein meiningsfull dialog

Vedlagt er høyringsutkastet til kommuneplanens samfunnssdel for Alver og planprogram for kommunedelplanen. Planprogrammet er ei skildring av kva arbeidet skal gå ut på, korleis vi håpar å få gjennomført arbeidet og kva tema og innhald vi skal arbeide med.

Vi er takksame om ditt lag eller organisasjon ønskjer å delta i gruppa og bidra til eit godt utgangspunkt for å skape eit samansveisa og framtidsretta Alver! Som nemnd meld gjerne frå til oss at dykk vil delta så gjer det førebuinga meir oversiktleg. Har du spørsmål eller innspel tar vi gjerne i mot:

Epost hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no og tlf 91 59 04 29

Inspirasjon

Kunstverk laga for samfunnssdelen og fortel om «Vårt Alven». Heile eller delar vert og skal brukast i ulike arbeid og tiltak i kommunen.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Hans Kristian Dolmen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

KPS Alver Høyring 111121
KDP HSO Planprogram 261120

Mottakarar:

Anders Olav Dale
Anne K. Bognøy
Arild Hagenes
Baste Tveito
Bjørg Tveiten Skiftesvik
Bjørn Gripsgård Knudsen
Camilla Plai Hagesæter
Edle Marie Kvamme
Eileen Feste
Frida Kleiveland Fammestad
Helge Fjellanger
Jostein Dale
June Iren Langøy
Laila Tvedt
Magne Bjørndal
Marie Morken
Olav Steinar Namtvedt
Olav Steinsland
Stig Krossøy Nordvik
Svein Arne Vabø
Terje Olav Olsen
Torhild Skage Syslak
Wenche Frantzen